



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 31.08.2020  
**Møtestad:** Stordalen fjellstove  
**Møtetid:** 13:00 - 17:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Erlend Kvamsdal	H	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helse Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
062/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
063/2020	Godkjenning av møtebok
064/2020	Økonomisk rapportering - 1.tertial 2020
065/2020	Kraftmelding pr. 30.06.2020
066/2020	Husleige kommunale utleigebustader 2020 - 2.gangs utgreiing
067/2020	Årsrekneskap 2019 - Masfjorden kommune
068/2020	Årsmelding 2019 Masfjorden kommune
069/2020	Ombygging av kontor og garderobe på Duesund (kraftlagsbygget)
070/2020	Breidband til Tangedalsvegen 372 m.fl. -
071/2020	Rammer for årsbudsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024
072/2020	Klage på avslag om konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 Solheim
073/2020	Klage på administrativt vedtak saknr 091/2020 datert 30.06.2020
074/2020	Klage på vedtak - tiltakshavar trekk husbåt ut av søknaden
075/2020	Prioritering knyttt til betre mobildekning i Masfjorden kommune
076/2020	Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde, og val av representantar til interkommunalt planutval for sjøareal
077/2020	Framlegg til avtale med Odin utbygging AS om innløyising av tomt nr 35, 36 og 39 på Duesundøy
078/2020	Revisjon av beredskapsanalyse GMBR - 2020
079/2020	Referatsak
080/2020	Planlegging av vindkraft i Masfjordfjella

## **062/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 062/2020 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **063/2020: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 063/2020 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

## **064/2020: Økonomisk rapportering - 1.tertial 2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.

Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.

Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Styremedlem i Berinvest AS Torill Torsvik Størkersen (Ap) orienterte om status for selskapet.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 064/2020 VEDTAK:**

**1.tertialrapport 2020 vert teken til vitring.**

**Driftsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt drift.**

**Investeringsbudsjett 2020 vert endra i samsvar med vedlagte bevillingsoversikt investering.**

---

**065/2020: Kraftmelding pr. 30.06.2020**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kraftmelding pr. 30.06.2020 vert teken til vitring.

**31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 065/2020 VEDTAK:**

**Kraftmelding pr. 30.06.2020 vert teken til vitring.**

---

## **066/2020: Husleige kommunale utleigebustader 2020 - 2.gangs utgreiing**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Husleigesatsar for kommunale utleigebustader for 2020 vert vedtatt jf. KS 047/2019.

Alle nye leigekontraktar vert inngått utan rabattordning, med 100 % husleige frå fyrste månad.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande tilleggspunkt:

Vedtaket gjeld for alle leigekontraktar inngått etter 01.03.20.

Framlegg til vedtak med tilleggspunktet jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 066/2020 VEDTAK:**

**Husleigesatsar for kommunale utleigebustader for 2020 vert vedtatt jf. KS 047/2019.**

**Alle nye leigekontraktar vert inngått utan rabattordning, med 100 % husleige frå fyrste månad.**

**Vedtaket gjeld for alle leigekontraktar inngått før 01.03.20**

---

## **067/2020: Årsrekneskap 2019 - Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Årsrekneskapen 2019 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.

Investeringsrekneskapen for 2019 er i balanse, og driftsrekneskapen viser rekneskapsmessig balanse. Det er difor ingen rekneskapsmessig resultat til disponering.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 067/2020 VEDTAK:**

**Årsrekneskapen 2019 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre.**

**Investeringsrekneskapen for 2019 er i balanse, og driftsrekneskapen viser rekneskapsmessig balanse. Det er difor ingen rekneskapsmessig resultat til disponering.**

---

## **068/2020: Årsmelding 2019 Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2019 vert teken til vitring.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 068/2020 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune si årsmelding for 2019 vert teken til vitring.**

---



## **069/2020: Ombygging av kontor og garderobe på Duesund (kraftlagsbygget)**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet løyver kr 350.000,- til ombygging av kontor og garderobe, på lagerlokalet på Duesund (kraftlagsbygg).

Ombygginga vert finansiert på følgjande måte:

150.000 vert teke frå husleigeinntekter frå bygget i år, og krone 200.000 vert lånefinansiert.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 069/2020 VEDTAK:**

**Formannskapet løyver kr 350.000,- til ombygging av kontor og garderobe, på lagerlokalet på Duesund (kraftlagsbygg).**

**Ombygginga vert finansiert på følgjande måte:**

**150.000 vert teke frå husleigeinntekter frå bygget i år, og krone 200.000 vert lånefinansiert.**

---

**070/2020: Breidband til Tangedalsvegen 372 m.fl. -**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til drøfting.

**31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å søke om støtte og finansiering og eventuelt innarbeide investeringa i budsjett 2021.

Framlegg til vedtak sett fram i møtet vart samrøystes vedteke.

**FS - 070/2020 VEDTAK:**

Rådmannen får fullmakt til å søke om støtte og finansiering og eventuelt innarbeide investeringa i budsjett 2021.

---

## **071/2020: Rammer for årsbudsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Grunnlag for driftsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt drift.

Grunnlag for investeringsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt investering.

Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2021. Investeringsprosjekt i 2021 vert finansiert med tilskot frå Husbanken (omsorgsbustader). Investeringsaktiviteten vil difor setjast i gang først etter at tilskotsmidlane er komet.

Følgjande handlingsreglar vert styrande for Masfjorden kommune frå 2021:

- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt over TBUs norm (1,75 %)
- Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 30 %

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Rådmannen vart oppmoda om å sjekke ut % netto lånegjeld til kommunestyremøte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 071/2020 VEDTAK:**

**Grunnlag for driftsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt drift.**

**Grunnlag for investeringsbudsjett 2021 vert vedteke i samsvar med vedlagte løyvingsoversikt investering.**

**Det vert ikkje tatt opp nye lån for investeringsføremål i budsjettåret 2021. Investeringsprosjekt i 2021 vert finansiert med tilskot frå Husbanken (omsorgsbustader). Investeringsaktiviteten vil difor setjast i gang først etter at tilskotsmidlane er komet.**

**Følgjande handlingsreglar vert styrande for Masfjorden kommune frå 2021:**

- **Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekt over TBUs norm (1,75 %)**
  - **Vekst i netto rente- og avdragsutgifter under vekst i brutto driftsinntekt**
  - **Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt under 30 %**
-

## **072/2020: Klage på avslag om konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 Solheim**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune held fast på vedtaket i sak 012/2020 og gjev ikkje Ragnhild Solheim konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 Solheim. Saka vert vidaresendt til fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Heimel for vedtaket: Konsesjonslova §§ 1 og 9

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande framlegg til vedtak:

Ragnhild Solheim får konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 Solheim samt utsetting av buplikt på 3 år.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### **FS - 072/2020 VEDTAK:**

**Ragnhild Solheim får konsesjon for overtaking av gbnr 44/1 og 6 Solheim samt utsetting av buplikt på 3 år.**

---

## **073/2020: Klage på administrativt vedtak saknr 091/2020 datert 30.06.2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Klage datert 06.07.2020 frå Fylkesmannen i Vestland vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til delegert vedtak datert 30.06.2020 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Fylkesmannen i Vestland.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 073/2020 VEDTAK:**

**Klage datert 06.07.2020 frå Fylkesmannen i Vestland vert ikkje teke til følgje. Det vert vist til delegert vedtak datert 30.06.2020 og rådmannen sine vurderingar under. Saka vert i medhald av plan- og bygningslova § 1-9 sendt over til endeleg klagevurdering hjå Fylkesmannen i Vestland.**

---

## **074/2020: Klage på vedtak - tiltakshavar trekk husbåt ut av søknaden**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Klage frå Fylkesmannen i Vestland vert teke til følgje. Viser til grunngjeving i saksframlegget nedanfor.**

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Erlend Kvamsdal (H) sa han var inhabil i denne saka grunna slektskap til søker. Det vart samrøystes vedteke av Kvamsdal var inhabil og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden Formannskap tar ikkje Fylkesmannen si klage til fylgje, og opprettheld sitt vedtak frå 31.03.2020.

#### Grunngjeving:

Formannskapet kan ikkje sjå at det er vesentlege negative konsekvensar knytt til omsyn som det vert vist til i saksutgreiinga, då omsøkt område allereie i dag har utbygd kaianlegg og søknaden er ei utviding av eksisterande kaianlegg samt plassering av husbåt i tilknytning til dette kaianlegget. Tiltaket ligg og i nærleiken av naustet og bryggeareal i Hostelandsosen og ikkje i omsynsområder som t.d. Herøyosen slik det vert vist til i utgreiinga. Etter ei samla vurdering meiner Masfjorden kommune at fordelene ved å gje dispensasjon er større enn ulempene.

Formannskapet si vurdering av tolkningsfeil av områder som er satt av til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».

Kommuneplanens arealdel legg til rette for ei rekkje mindre lokaliseringar av sjøbruk, dvs. naustmiljø som naturleg inkluderar bryggjer, enten fastmontert eller som flytebryggjer.

Omsøkte søknad om dispensasjon for forlenging av eksisterande flytebrygge er tufta på NÆ-05 Træet sin status i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden 2018 - 2030.

Masfjorden formannskap ser det som naturleg at eksisterande infrastruktur som flytebrygger er naudsynt for den reiselivsretta verksemda som tiltakshavar har fått heimla i arealplanen. Masfjorden formannskap kan ikkje sjå at ein dispensasjon til forlenging av flytebryggja vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Tvert om meiner formannskapet at ein dispensasjon vil styrke både den tiltenkte reiselivsretta næringsverksemda og utviklinga av kommunen slik den overordna kommuneplanen er innretta. Vekst og tilflytting til Masfjorden kommune.

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.

### **FS - 074/2020 VEDTAK:**

Masfjorden Formannskap tar ikkje Fylkesmannen si klage til fylgje, og opprettheld sitt vedtak frå 31.03.2020.

#### Grunngjeving:

Formannskapet kan ikkje sjå at det er vesentlege negative konsekvensar knytt til omsyn som det vert vist til i saksutgreiinga, då omsøkt område allereie i dag har utbygd kaianlegg og søknaden er ei utviding av eksisterande kaianlegg samt plassering av husbåt i tilknytning til dette kaianlegget. Tiltaket ligg og i nærleiken av naustet og bryggeareal i Hostelandsosen og ikkje i omsynsområder som

t.d. Herøyosen slik det vert vist til i utgreiinga. Etter ei samla vurdering meiner Masfjorden kommune at fordelene ved å gje dispensasjon er større enn ulempene.

Formannskapet si vurdering av tolkningsfeil av områder som er satt av til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner».

Kommuneplanens arealdel legg til rette for ei rekkje mindre lokaliseringar av sjøbruk, dvs. naustmiljø som naturleg inkluderar bryggjer, enten fastmontert eller som flytebryggjer.

Omsøkte søknad om dispensasjon for forlenging av eksisterande flytebrygge er tufta på NÆ-05 Træet sin status i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden 2018 - 2030.

Masfjorden formannskap ser det som naturleg at eksisterande infrastruktur som flytebrygger er naudsynt for den reiselivsretta verksemda som tiltakshavar har fått heimla i arealplanen. Masfjorden formannskap kan ikkje sjå at ein dispensasjon til forlenging av flytebryggja vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Tvert om meiner formannskapet at ein dispensasjon vil styrke både den tiltenkte

---

## **075/2020: Prioritering knyttet til bedre mobildekning i Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune prioriterer å få til utbetring av mobildekninga ved Nordkvingo og i området Rambjørgsvika/ Ytre Haugsdalen i perioden 2021 – 2022. Evt. tiltak må innarbeidast i økonomiplanen før realisering/oppstart.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 075/2020 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune prioriterer å få til utbetring av mobildekninga ved Nordkvingo og i området Rambjørgsvika/ Ytre Haugsdalen i perioden 2021 – 2022. Evt. tiltak må innarbeidast i økonomiplanen før realisering/oppstart.**

---



## **076/2020: Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland - delegering av mynde, og val av representantar til interkommunalt planutval for sjøareal**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Masfjorden kommune vedtek å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som skildra i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
2. Planmynde vert delegert i medhald av plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk handsaming i kommunestyret i Masfjorden kommune.
3. Masfjorden kommune vedtek at IKPU skal ha ein medlem med varamedlem frå kvar av dei medverkande kommunane.
4. Masfjorden kommune vel **xx** til medlem med **xx** som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Det vart sett fram forslag om at ordførar Karstein Totland (H) vart vald som medlem med varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) som varamedlem.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 076/2020 VEDTAK:**

1. Masfjorden kommune vedtek å slutta seg til å delta i interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland, med forslag til organisering, som skildra i forprosjektet «Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland» datert 05.06.2020.
  2. Planmynde vert delegert i medhald av plan- og bygningsloven §§ 9-1, 9-2 og 9-3, til interkommunalt planutval for sjøareal i Nordhordland (IKPU). Dette utvalet vil ha mynde til å varsle planoppstart, vedta planprogram og gjennomføra planprosessen fram til politisk handsaming i kommunestyret i Masfjorden kommune.
  3. Masfjorden kommune vedtek at IKPU skal ha ein medlem med varamedlem frå kvar av dei medverkande kommunane.
  4. Masfjorden kommune vel ordførar Karstein Totland (H) til medlem med varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) som varamedlem til IKPU. Utvalet konstituerer seg sjølv i første møte.
-

**077/2020: Framlegg til avtale med Odin utbygging AS om innløyising av tomt nr 35, 36 og 39 på Duesundøy**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner framforhandla og vedlagde avtale dagsett 13.08.2020 mellom Masfjorden kommune og Odin utbygging AS.

Det vert sett av krone 900.000,- til innløyising av tomt nr 39 (gnr 18 bnr 99) i 2020.

Resterande beløp på krone 1.400.000 vert å ta inn i budsjettet for 2021.

**31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

**FS - 077/2020 VEDTAK:**

**Kommunestyret godkjenner framforhandla og vedlagde avtale dagsett 13.08.2020 mellom Masfjorden kommune og Odin utbygging AS.**

**Det vert sett av krone 900.000,- til innløyising av tomt nr 39 (gnr 18 bnr 99) i 2020.**

**Resterande beløp på krone 1.400.000 vert å ta inn i budsjettet for 2021.**

---

## **078/2020: Revisjon av beredskapsanalyse GMBR - 2020**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret i Masfjorden tek beredskapsanalyse revidert august 2020 til orientering. Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.08.2020.

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 078/2020 VEDTAK:**

**Kommunestyret i Masfjorden tek beredskapsanalyse revidert august 2020 til orientering. Det vert vist til vedlagt dokument dagsett 12.08.2020.**

---

## **079/2020: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

#### Referatsaker:

Skriv 1: Avtale om medfinansiering og forskottering knytt til veglys på Kvinge

Skriv 2: Søknad om fritak for gebyr for sakshandsaming for bygging av gapahuk

Formannskapet samle seg om å løyve midler tilsvarende gebyret finansiert gjennom tilleggsløyvingar

Skriv 3: Skatt på formue og inntekt per 31.mai 2020

Skriv 4: Skjønsmidler til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2020

Skriv 5: Protokoll frå Representantskap 1-2020 Nordhordland Utviklingsselskap IKS, 5.juni

Skriv 6: Protokoll frå Representantskap 1-2020 Nordhordland Helsehus IKS, 5.-juni

Skriv 7: Protokoll frå Regionråd 3-2020, fredag 5.juni 2020

Skriv 8: Skatt på formue og inntekt per 31.juli 2020

#### Orientering frå ordførar:

- ordførar orienterte kort om status lys Hostelandstunnelen
- ordførar orienterte kort om tildelte "Koronamidler" til Masfjorden kommune - opprusting fv 570
- ordførar orienterte kort om status for reguleringsplan for Matre - nytt krav frå NVE

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 079/2020 VEDTAK:**

**Referatsaker vert tekne til orientering**

---

## **080/2020: Planlegging av vindkraft i Masfjordfjella**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **31.08.2020 FORMANNSKAPET**

Torill Torsvik Størkersen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Selskap som har planar om vindkraftprosjekt eller tilhøyrande linjenett i Masfjorden kommune vert på det sterkaste oppmoda om å skrinleggje alle sine planar om vindkraftutbygging og tilhøyrande kraftlinjer.

Særleg i kraftselskap der Masfjorden kommune er eigar, slik som BKK, skal vi fremje krav på eigarmøte, gjerne saman med andre eigarar, om at selskapet respekterer lokale vedtak i vertskommunar og stoppar sine vindkraftprosjekt der kommunen seier nei.

Følgjande selskap har vindkraftprosjekt i Masfjorden og skal tilskrivast med tanke på kommunen sitt syn i vindkraftspørsmål:

Zephyr AS (kraftlinje frå Dalsbotnfjellet i Gulen, samt fellesprosjekt m. BKK)  
BKK AS gjennom Matre Vind (vindkraftselskap med delt eigarskap mellom BKK og Zephyr)  
Norsk Vind (Norsk vindkraftselskap)  
Eolus Vind (Svensk vindkraftselskap)

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå Ap vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 080/2020 VEDTAK:**

**Selskap som har planar om vindkraftprosjekt eller tilhøyrande linjenett i Masfjorden kommune vert på det sterkaste oppmoda om å skrinleggje alle sine planar om vindkraftutbygging og tilhøyrande kraftlinjer.**

**Særleg i kraftselskap der Masfjorden kommune er eigar, slik som BKK, skal vi fremje krav på eigarmøte, gjerne saman med andre eigarar, om at selskapet respekterer lokale vedtak i vertskommunar og stoppar sine vindkraftprosjekt der kommunen seier nei.**

**Følgjande selskap har vindkraftprosjekt i Masfjorden og skal tilskrivast med tanke på kommunen sitt syn i vindkraftspørsmål:**

**Zephyr AS (kraftlinje frå Dalsbotnfjellet i Gulen, samt fellesprosjekt m. BKK)  
BKK AS gjennom Matre Vind (vindkraftselskap med delt eigarskap mellom BKK og Zephyr)  
Norsk Vind (Norsk vindkraftselskap)  
Eolus Vind (Svensk vindkraftselskap)**

---

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 31.08.20 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordfører

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordfører